

Årsplan valfag Praktisk handverksfag 2023/2024

Periode 1 (haust) og periode 2 (Vår)

- Vi har gjerne store prosjekt som vert jobba med over begge periodane.

Kompetansemål:

- forstå og følge arbeidsteikningar eller instruksjonar for å lage eit produkt
- velje verktøy og grunngi val, og bruke og vedlikehalde verktøy på en trygg måte
- Halde orden og oversikt i arbeid og på arbeidsplassen
- Utforske og skildre råmateriale sine eigenskapar og bruksområde
- Drøfte val av råmateriala og produksjon i eit berekraftig perspektiv
- Ferdigstille produkt på ein handverksmessig, funksjonell, kreativ og estetisk måte

Tidsbruk	Innhald og tema	Arbeidsmåtar	Vurdering
	Tradisjonsmat <ul style="list-style-type: none"> • Vi jobbar med innføring av gamle tradisjonsrettar • Kjennskap til utstyr tidlegare nytta i matproduksjon • Produksjon av saft og hermetisering • Partering av slakt (sau evt hjort) 	<p>Vi jobbar på kjøkken med råvarer vi får tak i frå lokale leverandørar</p> <p>Vi besøker lokalmatprodusentar</p> <p>Vi tek i mot kompetanse frå besøk av eldsjeler</p>	Praktisk arbeid <ul style="list-style-type: none"> • Elevane vert vurdert i praktisk arbeid, der lærarane oppsummerer kvar økt med valfag • Elevane får rettleiing undervegs, og får gjennom desse samtalane forståing av vurderinga vi gjer og får formulere kva mål dei sjølve ynskjer setje seg. • Elevane får ein fagsamtale i slutten av kvar periode med grunngjeving av karakter.
	Bygg og anlegg <ul style="list-style-type: none"> • Vi restaurerer bygg ved Norsk Fjordhestsenter • Noko nybygg og anna førefallande vedlikehald vert utført på staden 	<p>Elevane jobbar i grupper med prosjekt.</p> <p>Det er med lærar og andre ressursar som rettleiar elevane i utføring av arbeidet</p>	
	Design og handverk (Tekstil) <ul style="list-style-type: none"> • Vi teiknar og målar på ulike materialar • Elevane får sy eigenkomponerte plagg, gjerne gjennom redesign av gamle klesplagg • Arbeid med keramikk 	<p>Elevane jobbar individuelt eller i par om oppgåver med rettleiing frå lærar</p> <p>Viktig at elevane utviklar kjennskap og</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> • Oppussing av rom på skulen • Strikking og anna tradisjonsretta handverk • Utstilling av produkt 	<p>erfaring med ulike materialar</p> <p>Vi samarbeider med Produksjon for scene, og lagar rekvisittar og anna til deira framsyningar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal presentere ferdig produkt med bilete og anna dokumentasjon. Denne er med som grunnlag i vurderinga med karakter.
	<p>Design og Handverk/ Bygg og anlegg (Sløyd)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vi restaurerer gamle møblar • Vi byggjer ulike produkt knytt til interiør • Vi utfører vedlikehald, restaurering og nybygg av element knytt til skuleområdet • Vi tilbyr elevane høve til å reise byggverk som jakthytte, leikehytter o.l. • Vi produserer ulike reiskapar og restaurerer gamalt utstyr 	<p>Elevane vert utfordra på å kome opp med eigne oppgåver. Dei skal lage prosjektskildring, arbeidsteikningar og synleggjere behov på materiale og verktøy for å kunne greie oppgåva</p> <p>Elevane får rettleiing, men skal utvikle teknikkar og kunne jobbe sjølvstendig i gjennomføring av prosjektet sitt.</p> <p>Vi samarbeider med Produksjon for scene, og lagar rekvisittar og anna til deira framsyningar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal kunne formulere munnleg om prosessen, kva dei har lært og korleis dei sjølve vil vurdere eigen prestasjon i faget.

Ramme for gjennomføring:

- 8 veker i hausttermin, der elevane har 140 min undervisning pr veke
- 8 veker i vårtermin, der elevane har 140 min undervisning pr veke
- 19 timar (19 x 60 min) utanfor ordinær skuletid. Dette vert gjennomført med forlenga skuledagar.